

Ny låvedans på Dønhaug 15. juli**03.07.2006**

Det har vore mange arrangement i Uskedalen denne våren og sommaren, men sesongen er enno slett ikkje over.

Laurdag 15. juli er det ny låvedans på Dønhaug, denne gongen med det populære Åsmund Åmli Band frå Setesdalen.

4. og 5. august blir Festidalen halde for fjerde gong, og no har den vakse frå ein til to dagar og har eit familiearrangement på laurdag føremiddag.

Sundag 20. august er den tradisjonelle museumsdagen på bygdetunet på Rød. Då blir det atter liv i det gamle tunet.